



Saksframlegg

Høyring - Forslag til nytt inntektssystem for kommunane

Utval	Utlvalssak	Møtedato
Formannskap		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

- Høyring - forslag til nytt inntektssystem for kommunane, brev frå KMD datert 17.12.2015.
- www.regjeringen.no – KMD-nytt inntektssystem for kommunane ute på høyring-høyringsnotat.
- Effekter av foreslåtte endringer i kostnadsnøkklene, Telemarksforsking, presentasjon 22.1.2016.

Vedlegg i saka:

- Underlag for høyringsuttale for kommunane i Buskerud, Telemark og Vestfold (BTV) utarbeida av regionalt økonomiforum og rådmannsutvalet i Telemark.
- Grov skisse over ein del av endringane i inntektssystemet, Drangedal kommune 7. januar 2016.
- Høyringsnotat om nytt inntektssystem for kommunane, KMD 22.01.16
- Forslag til nytt inntektssystem. Kompensasjon for smådriftsulemper i utgiftsutjamninga (kap. 5). Regionalpolitiske tilskot (Kap. 6), foilsett Telemarksforsking.

Bakgrunn for saka:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt forslag til nytt inntektssystem for kommunane på høyring. I forslaget er inntektssystemet også sett i samanheng med kommunereforma.

Departementet legger opp til å presentere eit heilskapleg forslag til nytt inntektssystem i kommuneproposisjonen for 2017, med verknad frå 1.1.2017.

Høyringsfrist er 1. mars.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 – 2019 måla i budsjettet for 2016 der det heiter; Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.

Kommunesektoren finansierast i hovudsak gjennom frie inntekter, dvs. rammetilskot og skatt. Det oppstår ulikskap mellom kommunane med grunn i ulikt kostnadsnivå og ulikt skattegrunnlag ved å gje tenester. Målet med inntektssystemet er å jamne ut desse skilnandane, slik at alle kommunar vert sett i stand til å gje gode og likeverdige tenester til sine innbyggjarar. Gjennom

utgiftsutjamninga er det i prinsippet full utjamning av ulikskap i ufriviljuge kostnader, mens det gjennom skatteutjamninga er ein delvis utjamning av skatteinntektene. Eit sentralt spørsmål som drøftast i høyringsnotatet er i kva grad kommunar skal kompenseras fullt ut for smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon.

Størrelsen på, og utforminga av dei regionalpolitiske tilskota er politisk begrunna, på same måte som fastsetting av skatten sin del av samla inntekter og graden av inntektsutjamning mellom kommunane.

I høyringsforslaget presenterer KMD presenterer blant anna:

- forslag til nye kostnadsnøklar for kommunane, inkludert ein ny modell der det skiljast mellom friviljuge og ufriviljuge smådriftsulemper
- endringar i dei regionalpolitiske tilskota
- ei beskriving av skatteelementa i inntektssystemet

Kommunar som slår seg saman får behalde basistilskot og eventuelle regionalpolitiske tilskot dei mistar som følgje av samanslåinga i 15 år før tilskotet trappast ned over 5 år. I tillegg får dei reformstøtte og dekning av eingongskostnader ved samanslåinga. Dette ville for Fyresdal og Tokke kommunar til saman utgjere kr 30. mill. kr. Etter 15 år skal desse tilskota trappast ned att og etter kvart skal dei ligge under dagens nivå.

1. Utgiftsutjamning – kostnadsnøklar

Norske kommunar er svært ulike i størrelse, geografi og befolkningssamansetning. Dette påverkar både behovet for og kostnadene ved å tilby kommunale tenestar. Målet med utgiftsutjamninga er å setje kommunane i stand til å gje innbyggjarane likeverdige og gode tenester. Gjennom utgiftsutjamninga får kommunane full kompensasjon for ufrivillige kostnadsforskjellar. Grunnlaget for denne omfordelinga er kostnadsnøkkelen i utgiftsutjamninga. For at kostnadsnøklane skal fange opp endringar i befolkningssamansetning, levekår, reiseavstandar og andre strukturelle forhold bør desse oppdaterast jamnleg. Denne revisjonen av kostnadsnøkkelen er ein oppfølging av dette.

Utgiftsutjamninga omfattar velferdstenester av nasjonal karakter, og tenestar det er knytt sterke nasjonale føringar til. I dag inngår sektorane grunnskule, barnehage, pleie og omsorg, kommunehelsetenesta, sosialhjelp, barnevern og administrasjon, landbruk og miljø i utgiftsutjamninga. Det er gjort ei vurdering av om også kommunale vegar bør inngå, men det er ikkje tilrådd at denne sektoren blir tatt inn. Det er ikkje foreslått endringar i kva for sektorar som skal inngå i utgiftsutjamninga i dette høyringsnotatet.

For Fyresdal kommune sin del vil ein uansett kriterier som er foreslått kome godt ut av forslaget til endringar i nytt inntektssystem. Strukturkriteriet som er foreslått er eit forsøk på å estimere effekten av "å nå 5000 innbyggjarar" med følgjande grenseverdier:

- 25,4 km
- 16,5 km
- 13,3 km

Ved ny kostnadsnøkkle og bruk av foreslåtte strukturkriterier vil Fyresdal ved høvesvis 25,4 km, 16,5 og 13,3 km få høvesvis kr 963.000, kr 779.000 eller 697.000 meir enn i dag per år. Den gjennomsnittlege reiseavstand for å nå 5000 innbyggjarar er for Fyresdal sin del berekna til å vere 39,4 km som er den lengste i heile Telemark.

Dersom ein ikkje legg strukturkriteriane til grunn vil Fyresdal kommune få omlag kr 265.000 meir enn i dag per år.

I sum vil altså Fyresdal kommune uansett kome betre ut av nytt inntektssystem enn det som gjeld i dag. Med grenseverdi 25,4 km – nytt basistilskot ved bruk av strukturkriterium få eit årleg tilskot på kr 14.229.000.

I grove trekk kan ein slå fast at nytt inntektssystem vil føre med seg at dei aller største kommunane (>50.000 innb.) vil få overført store summar. Små og mellomstore kommunar (<25.000 innb. vil tape) og særleg dei minste kommunane som ligg nær innpå større byar som

t.d. Siljan kommune. Fyresdal kommune som den minste i fylket kjem trass i dette godt ut grunna ulempene det er med store avstandar.

Omlegginga som er skissert forventast å ha størst betydning for kommunar med under 3200 innbyggjarar.

For mange kommunar kan endringane i kriteriane for nytt inntektssystem vere dramatisk og utslagsgjevande for framtidig kommunestruktur.

Omlegging av inntektssystemet i ein såkalla nøytral retning i forhold til kommunale inntekter pr. innbyggjar kan kome i fare for å gløyme utfordringar og moglegheitane ute i distrikta om det ikkje blir følgt opp med insitament for distriktpolitikk. Veksten i offshore er avtatt og rører og med mange som bur ute i distrikta. Alle oppsagte skal ha nytt arbeid uansett kor dei bur og mange i offshore bur ute i distrikta. Skal vi ta heile landet i bruk, legge forholda til rette for t.d. turisme må ikkje landet "gro igjen" og ein må stimulere til nysatsing som Fyresdal kommune er eit døme på med utbygging av Næringshage og oppdrett av røye m.m. For å lykkast med dette er det viktig at det bur nok folk i distrikta. Nytt inntektssystem må ikkje vere med på å framskande den sentraliseringa som alt skjer ved at småkommunar på generelt grunnlag må gje frå seg ressursar som dei er avhengig av for å levere dei tenestetilboda som er pålagt. I så fall er dette ein vesentleg endring i norsk politikk der ein tverrpolitisk pillar har vore at heile landet skal takast i bruk og folk skal få bu der dei vil.

Nytt inntektssystem kan gje store og svært varierende utslag alt ut frå om kommunen er stor eller liten og om folketalet er stort eller lite i kommunen eller i omkringliggende område. Slike omstillingar kan få dramatiske konsekvensar både på kort og lang sikt. Stortinget må sikre at slikt ikkje skjer.

Det er positivt at kostnadsnøkklane er oppgradert til dagens nivå da det over mange år har lege eit etterslep her.

Konklusjon:

Nytt inntektssystem kan få store negative konsekvensar for mange kommunar, særleg små og mellomstore. Nytt inntektssystem kan føre til at sentraliseringa skyt fart. Dette er uheldig for landet som heile både distrikta og dei store byane som får ytterlegare belastning både på miljø, infrastruktur, husbygging etc.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune ber om at det gjerast ei solid gjennomgang og etterprøving av inkomne høyringsnotat. Dette for å sikre at ei mogleg endring av inntektssystemet ikkje får utilsikta konsekvensar. Kommunar som kjem dårleg ut må sikrast gjennom andre overføringar som stimulerer til vekst og næringsutvikling for å sikre busetting i distrikta og ikkje framskundar sentraliseringa.

Ketil O. Kiland	
rådmann	